

Postmottaket

Fra: Steinar Sørli [Steinar.Sorli@fm-ho.stat.no]

Sendt: 12. desember 2003 15:26

Til: Postmottaket

Kopi: Åse Vaag; Jørgen Frønsdal

Emne: Saksnr 2003 02997

2003	2997	132
7 DES 2003 ASR		
186		
TIN	486	

Til Landbruksdepartementet

Vedlagt følger høring på utkast til forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Brevet sendes i posten på førstkommande mandag.

Vennlig hilsen

Steinar Sørli

Fylkesmannen i Hordaland
Landbruksavdelinga
Postboks 7315
N-5020 BERGEN

Tlf. (+) 47 55 57 21 54
Mobil (+) 47 97 16 07 04

www.nordisk-kulturlandskap.no



Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høyring på Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket

Vi synar til høyring på Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, dagsett 28.10.03.

1. Forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket

Uttale til dei einskilte punkt i forskrifta:

§ 1 Føremål - generelt

Vi ønskjer at omgrepet miljøverdiar vert meir handfast i forskrifta. Det må gjerast klart kva typar at miljøverdiar det er tale om. Kommunane har som oppgåve å forvalte både regionale og lokale miljøverdiar i landbruket sitt kulturlandskapet. Vi meiner at lokale prioriteringar ikkje må kome i konflikt med dei regionale verdiane. Ut frå eit natur- og kulturminnefagleg ståstad er det viktig at verdiane vektast ulikt.

§ 2 Virkeområde

For å kunne sikre effekten av virkemidla bør det stilles krav om planstatus som LNF område eller område regulert for jordbruk. Kommunane bør ha langsiktige planar for dei områda som vert løyvd tilskot. Vi har erfaring frå at mange kommunar har ulike strategiar for utvikling av områda i LNF. Eit område kan løyvast tilskot samstundes som det skjer ein aukande grad av svekking av forholda for landbruksdrift i området. For å kunne målstyre virkemidla er det difor ønskjeleg med ein langsiktig arealforvaltning.

§ 3 Vilkår - generelt

Vi meiner at det er bra at frist for gjennomføring av enkelttiltak er satt til tre år. Når det gjeld fleirårige tiltak (skjøtselstiltak) eller felles tiltak, er det ønskjeleg med lengre fristar. Erfaringar frå arbeidet med attgroing og beiterydding er at det er mest teneleg at tiltaka gjennomførast over ei lengre periode. Ved tiltak for å ta vare på spesielle verdiar knyt til biologisk mangfald eller kulturmiljø er det ønskjeleg med fleirårige skjøtelskontraktar.

§ 3, 1 ledd - Vilkår

Vi meiner at det må klargjerast tydelegare om kven som har rett til tilskot. Slik vi les setninga vert den utydeleg.

§ 5 Tilskot til kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak- generelt

Vi meiner at det er trong for at det vert utdjupa kva type tema det kan søkjast om tilskot til innan for dei to fagområda kulturlandskap og forureining.

§ 5, 1 ledd Tilskot til kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak

Setninga må delast opp for ikkje å kunne verte mistydd. Vårt forslag vert: "Det kan gis tilskudd til gjennomføring av tiltak som ivaretar miljøverdiene i landskapet. Tilskudd kan også gis til tiltak som hindrer eller reduserer forurensing eller risikoen for forurensing fra landbruket".

§ 7 Utbetaling

Vi meiner at 25% av tilskotet må haldast tilbake til arbeidet er fullført. Dette gjer at ansvarleg for prosjektet gjennomfører tiltaket innan fristen.

§ 8 Administrasjon, dispensasjon og klage - generelt

Vi meiner at det er bra at det er satt krav om at kommunen skal utarbeida retningslinjer for prioritering av søknadene. Vi meiner at slike retningslinjer i tillegg til fylkesmannen og næringsorganisasjonane lokalt også må utarbeidast i dialog med kulturminneforvaltinga hjå fylkeskommunen. Dette for å kunne sikra kvaliteten på dei prioriterte tiltaka.

§ 11 Utfyllande retningslinjer – generelt

Vi meiner at det er viktig at Statens landbruksforvaltning gjev utfyllande retningslinjer til forskrifta. Her er det viktig å målbera klårt og tydeleg kva ein meiner med miljøverdiar i kulturlandskapet og korleis prioritere dei regionale opp dei lokale miljøverdiane. Det bør utarbeidast døme på vilkår ved gjennomføring av restaurering og skjøtselstiltak ut i frå kva slags verdiar det er snakk om.

2. Forskrift om tilskot til næring- og miljøtiltak i skogbruket

I høringsbrevet frå Landbruksdepartementet dat. 28.10. 2003 som vedkjem ny forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket og forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket står fylgjande: "Det er imidlertid gitt noen avgrensninger på bruken av tilskudd, jf. forskriftsutkastene. I tillegg vil det i tildelingsbrevet til fylkesmennene og videre til kommunene ligge en begrensning om at tilskudd til veiformål ikke kan utgjøre mer enn maksimalt 50 pst. av det tildelte beløp til skogtiltak i den enkelte kommune."

Fylkesmannen i Hordaland vil her koma med slik merknad til avgrensinga på 50% til skogsvegar:

Hordaland fylke er på langt nær ferdig med utbygginga av eit tenleg skogsvegnett. Hordaland har i dag ei vegdekning på ca. 4 m/haa produktivt skogareal medan gjennomsnittstalet for heile landet er ca. 9 m/haa. Dette skuldast at skogfylka stort sett er ferdig med nybygging av skogsvegar.

Hordaland er eit utprega småbruksfylke, med små eigedommar og ein komplisert og mangfaldig eigedomsstruktur i tillegg til eit vanskeleg terreng. Eit tenleg vegnett krev i dei fleste tilfeller samarbeid mellom fleire eigedommar. Statlege tilskott er nøkkelen til å få organisert slike løysningar på ein god og teneleg måte.

Avgrensinga på maksimalt 50 pst. til vegformål vil føra til at den enkelte kommune får svært små beløp til rådvelde som kan nyttast til skogsvegar. Dette igjen vil føra til at vegbygginga stoppar opp og eller at det vert bygd berre enkle ubrukelege vegar utan samanheng og nyttefunksjon. Dette vil og vera miljøskadelege inngrep i høve til å byggja gode vegar som samarbeidstiltak for større områder.

Som fylgje av ei nasjonal satsing på skogplanting på vestlandet gjennom 50 år står det i dag store verdier i granplantningar rundt om i kommunane. Store delar av dette arealet er pr i dag ikkje utløyst med tenlege leveringsvegar for tømmer.

Med bakgrunn i dette meiner Fylkesmannen i Hordaland at kommunane fritt må kunne disponere skogvirkemidlane, også midlar til skogkultur. Hovudformålet med overføringa av midlar til kommunane var å styrka det lokale sjølvstyret, det gjer ein ikkje slik fylkesmannen ser det ved å leggja sterke føringar på bruken av midlane.

Uttale til dei einskilte punkt i forskrifta:

§ 1-2,1 ledd

I det framlagde utkastet får ein eigedom rett til tilskot dersom den har min. 10 daa produktiv skog. Ettersom det er avgrensa med tilskot, må tilskota innrettast mot eigedomar som driv skogbruk aktivt som næring, og minimumsgrensa for tilskot bør derfor aukast til minst 50 daa. produktivt skogareal. Mindre eigedomar vil kunne få tilskot gjennom eventuelle samarbeidstiltak jfr. 1. ledd 2. setning.

§ 3 – 1 Generelt

Her er teke med eit punkt om at det ikkje skal gjevast tilskot til bygging av vegar som fører til reduksjon av "villmarkspregede områder", dette er områder i ein avstand av 5 km målt horisontalt frå tidlegare tekniske inngrep. Dette vil for Hordaland sin del sikkert føra til at ein m.a. i dei bratte liene ved Hardangerfjorden ikkje får bygd nye vegar sjølv om dette ikkje påverkar det villmarksprega området oppe på Hardangervidda. Det er i desse liene planta mykje gran som no nærmar seg hogstmoden alder, skal denne skogen verta lønsam å driva ut må det byggjast vegar i dette terrenget.

§ 4-1 Generelt

Begrepet ”områder der det drives et aktivt skogbruk” bør erstattes med ”områder der det drives skogbruk med økonomisk overskudd”.

§ 5-1,2 ledd

Det er framlegg om ikkje å gje tilskot til taubanedrift. Vårt fylke har forutan mange bratte skogsområde, også mykje bæresvak mark. Vi har derfor inkludert i den noverande ordninga ”Drift i vanskelig terreng” – tilskot til drift med slepebane/taubane på areal som p.g.a. bæresvak mark er lite egna til terrengkøyring. Dette er både ei miljøvenleg og - rasjonell driftsform.

På spesielle vilkår knytt til driftsopplegg og terrengtype bør det derfor framleis kunne nyttast tilskot til taubanedrift. Ordlyden kan t.d. vera: ***”Tilskot kan gjevast der slepebane /taubanedrift grunna terrenghindringar og - bæresvak mark er eit økonomisk og – miljømessig forsvarleg driftssystem.”***

Med vennleg helsing

Åse Vaag e.f.
fylkesjordsjef

Jørgen Frønsdal e.f.
Fylkesskogsjef